



Fylkesmannen i Hordaland
Kommunal- og samfunnsplanavd.
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/913 - 17/13442

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
27.06.2017

Høyring - søknad om fornya dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, LNF, for riving av bustad på gbnr 27/261.

Saka gjeld :

Det vert vist til søknad frå Harald Sunnhordvik om fornya dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel – LNF– , jf plan- og bygningslova § 19-2, for riving av bustad på Moldekleiv, gbnr 27/261.

Planstatus:

Eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF.

Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå tiltakshavar søkt om fornya dispensasjon for riving av bustaden, sjå vedlegg. Utval for drift og utvikling ga i møtet 02.09.2014, UDU.sak 77/2014, dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for riving av eksisterande bustad og gjenoppføring av ny bustad. Tiltakshavar ser at rivingsarbeidet ikkje let seg gjere innan fristen for at dispensasjonen går ut og søkjder no fornya dispensasjon.

Kommunen kan i tillegg opplyse at omsøkt bustad i ettertid er frådelt og matrikkulert med gbnr 27/261. Dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for frådelinga vart godkjend i UDU.sak 62/2015 i møte 01.09.2015.

For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19- 2 :

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

I § 1- 1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal-og samfunnsplanavd.og Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om fornya dispensasjon frå gjeldande Kommuneplan/LNF

Kart

UDU 77-2014

UDU 62-2015

27-261 1_1000

27-261 1_3000

Kopi til:

Harald Sundhordvik	Moldekleiv 93	5918	FREKHAUG
--------------------	---------------	------	----------

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland	Kommunal- og	5020	BERGEN
--------------------------	--------------	------	--------

Hordaland Fylkeskommune	samfunnsplanavd. Regionalavd.	5020	BERGEN
-------------------------	----------------------------------	------	--------